



Radøy Kommune - Kristine Skaiaa Born

Dato: 09.04.2015  
Vår ref.: 2015/3813-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:

## **Varsel om synfaring - Bø - Gnr 24 bnr 10- Søknad om landbruksveg**

Vi viser til brev datert 07.04.2015 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 24, bnr. 10 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Det er registrert ein steinalderbuplass (Askeladden id. 149416) 250 m nordvest for det aktuelle området. Det blei også gjort funn av ein pilspiss av flint på sjølve garden (Askeladden id. 90649). Tiltaksområdet har topografiske trekk som gjer at potensialet for funn frå steinalder er tilstade. Det er difor naudsynt med ei synfaring før vi kan gje fråsegn til tiltaket. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Kostnadar i samband med ei eventuell registrering vil verte dekkja av Hordaland fylkeskommune. Synfaringa vil bli gjort så raskt som råd.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*